

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

Deres ref.: 200900697

Bergen, 10. desember 2009

## **Høringsuttale – framlegg til forskrift om kvalitetssikring i høgare utdanning og fagskuleutdanning**

Helse Bergen ved Haukeland Universitetssjukehus, seksjon for læring og kompetanse, har gått gjennom utkast til forskrift om kvalitetssikring i høgare utdanning og fagskuleutdanning, og gir med dette vår høringsuttale, jf høringsbrev frå Kunnskapsdepartementet (KD) datert 11. september 2009.

Når det gjeld utdanning av helsepersonell har universitetssjukehusa ei viktig rolle inn mot det formelle utdanningssystemet. Hovudsakleg som praksisarena men også som framtidig arbeidsgjevar.

Mange av dei helsefaglege utdanningane har store deler av si formelle utdanning gjennom praksisstudium. For enkelte helseprofesjonar vert så mykje som 50 % av studia gjennomført innan praksisrelaterte område. Som universitetssjukehus med mange studentar i praksis frå både universitet og høgskular er Helse Bergen opptekne av å sikre god kvalitet på den utdanninga vi bidreg til innan helseprofesjonane.

Med dette som bakgrunn ser vi **svært positivt på endringa i forskrifta § 2-1, 2.ledd, hvor det blir presisert at ”Kvalitetssikringssystemet skal sikre og bidra til å utvikle kvaliteten i hele utdanningen, inkludert praksisopplæring”.**

Helse Bergen ser det som særskilt viktig at den praksisopplæringa som går føre seg i helseføretaka og i primærhelsetenesta vert ivarettatt og evaluert på lik linje med den undervisninga studentane deltek i på universitetet og høgskulane. **Som eit resultat av eit kvalitetsikringssystem for praksisopplæring kan vi derfor også tenkje oss at det vert utarbeidte førande kriterium for kva for faktorar ein bør leggja til grunn og vekta ved vurderingar av praksisstudium.**

I denne forbindelse henviser vi også til Samhandlingsreformen (St.meld.nr.47, 2008-2009) kor det vert kommentert at det er behov for å se nærere på ansvarsforholdene mellom utdanningsinstitusjonane og helsetenesta omkring praksisstudier innan utdanning av helsepersonell (pkt 13.4 s.128).

Vi anmoder om at departementet vurderer de nevnte forhold for å sikre og utvikle kvaliteten på praksisopplæringa for studier innan høgare utdanning og fagskuleutdanning.

Hilsen  
Haukeland Universitetssjukehus  
Helse Bergen HF  
Forskning- og utviklingsavdelinga  
Seksjon for læring og kompetanse

ved  
Anne Mette Koch, spesialrådgjevar  
Hilde Nesse, rådgjevar